

Møteprotokoll

Utval: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

Møtestad: Hotel Alexandra, Loen

Dato: 26.10.2021

Tidspunkt: 09:00 – 11:00

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ivar Kvalen	Leiar	Luster kommune
Kari Synnøve Muri	Nestleiar	Stryn kommune
Vibeke Johnsen	Medlem	Sogndal kommune
Oddmund Klakegg	Medlem	Sunnfjord kommune
Mariel Eikeset Koren	Medlem	Gloppen kommune

Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Helge Stormoen	Medlem	Vestland fylkeskommune

Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Helge Stordalen melde forfall til møtet. Sonja Øvre Flo (vara) melde og forfall. Dagen før møtet var styret på synfaring i Briksdalen. På kvelden var det markering av at det var 30 år sidan vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark vart vedteke.

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Tor Arne Hauge	Nasjonalparkforvaltar
Anne Rudsengen	SNO Jostedalsbreen

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Ivar Kvalen

Kari Synnøve Muri

Saksliste

Utvalls- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 36/21	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 37/21	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 38/21	Framlegg til endeleg vedtak - Besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark		2019/3131
ST 39/21	Delegerte saker		
DS 11/21	Delegert vedtak - Jostedalsbreen nasjonalpark - Dispensasjon - landingsløyve helikopter ved klimastasjonen ved Flatbreen - NVE		2021/12816
ST 40/21	Orienterings- drøftings- og referatsaker <ol style="list-style-type: none">1. Status tiltak2. Bru i Austerdalen over Hogrenning3. Bru i Steindalen4. Nasjonalparkkart – status5. Møtedato neste styremøte6. Møtedato rådgjevande utval7. Mediesaker sidan sist		
RS 21/21	Skåla Opp 140821 - rapport		2019/16679
ST 41/21	Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til motbakkeløpet Skåla Opp 2022-2025		2021/12645

ST 36/21 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 26.10.2021

Handsaming i møte

Ettersendt styresak 41/21 Løyve til motbakkeløpet Skåla Opp 2022-2025 vart sett på saklista.

Ellers ingen merknader til møte og sakliste.

Vedtak

Samrøystes vedteke.

ST 37/21 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 26.10.2021

Handsaming i møte:

Ivar Kvalen føreslo Kari Synnøve Muri til å signere møteprotokollen i lag med styreleiar.

Vedtak

Samrøystes vedteke.

ST 38/21 Framlegg til endeleg vedtak - Besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 26.10.2021

Handsaming i møte:

Styret drøfta innspela som var kome inn i høyringsrunden og endringane i besøksstrategien som forvaltarane hadde føreslått etter høyringa.

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar med fylgjande tillegg:

3. Endring i kap. 5.1 *Tiltak på innfallsportane*, på innfallsport nr 15 Briksdalen, i tabell 5: Nr 15 - Briksdalen, *Kattanakken – Startpunkt – Større tiltak – 2021-2022, 2023-2024*
4. Endring i kapittel 4.5 Kanalar:
Legge til *Flora og fauna* i opplisting av tema for nettsida.

Vedtak

Besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark 2021-2027 vert vedteken slik den ligg føre, med følgjande endringar:

1. Oppdatering av figur 24 – kart over innfallsportane
2. Nokre bilete og bilettekstar skal oppdaterast.
3. Endring i kap. 5.1 *Tiltak på innfallsportane*, på innfallsport nr 15 Briksdalen, i tabell 5: Nr 15 - Briksdalen, *Kattanakken – Startpunkt – Større tiltak – 2021-2022, 2023-2024*
4. Endring i kapittel 4.5 Kanalar:
Legge til *Flora og fauna* i opplistinga av tema for nettsida.

ST 39/21 Delegerte saker

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 26.10.2021

Vedtak

Delegerte saker vart tatt til orientering.

DS 11/21 Delegert vedtak - Jostedalsbreen nasjonalpark - Dispensasjon - landingsløyve helikopter ved klimastasjonen ved Flatbreen - NVE

ST 40/21 Orienterings- drøftings- og referatsaker

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 26.10.2021

Handsaming i møte:

1. Forvaltar gjekk raskt igjennom tiltakslista og orienterte om framdrift og status på tiltaka.
2. Forvaltar orienterte kort om brua i Austerdalen der det treng reinskast for massar. Styret var opptekne av lik handsaming av ulike aktørar når det gjaldt hjelp frå nasjonalparkstyret til utbetring av bruer og liknande i og rundt nasjonalparken. Hjelp til reinsk av elveløp vert vurdert i saman med andre prosjekt i samband med tiltaksplan for 2022.
3. Forvaltar orienterte om manglande bru i Steindalen. Styret drøfta saka. Hjelp til bygging av bru i Steindalen vert vurdert saman med andre prosjekt i samband med tiltaksplan for 2022.
4. Møtedato for neste styremøte vert tysdag 30.november 2021.
5. Møtedato for Rådgevingande utval vert måndag 29.november 2021.

Vedtak

Styret handsama sakene og tok dei til vitande.

RS 21/21 Skåla Opp 140821 – rapport

ST 41/21 Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til motbakkeløpet Skåla Opp 2022-2025

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 26.10.2021

Handsaming i møte:

Vedtak i samband med innstilling frå forvaltar.

Vedtak

Med heimel i naturmangfaldlova sin § 48 gjev Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyve til vidareføring av idrettsarrangementet Skåla Opp frå og med 2022 til og med 2025 på følgjande vilkår:

1. Maksimalt tal deltakarar i konkurranseklassen skal ikkje overstige 800 deltakarar.
2. Deltakarane skal følgje den tilrettelagde stien. Arrangøren gjev tydeleg informasjon til deltakarane om dette, og legg til rette med ei startordning som sikrar at det ikkje vert starta fleire samtidig enn at deltakarane kan halde seg på stien. For å hindre unødig terrengslitasje er det ikkje lov å bruke sko med metallpiggar eller stavar.
3. Deltakarane skal på førehand bli informert om at løpet går i Jostedalsbreen nasjonalpark og kva reglar som gjeld, mellom anna for forsøpling. Arrangøren er ansvarleg for at forsøpling ikkje skjer. Etter at arrangementet er gjennomført, skal stien/traseen bli gått over same dag og eventuelt søppel fjernast.
4. Reklame skal ikkje plasserast inne i nasjonalparken. Eventuell speakerteneste i målområdet skal avgrensast til nødvendig informasjon om løpet. Lydnivået bør vere lågt for å unngå unødig støy.
5. Fire landingar (4) med helikopter innanfor nasjonalparkgrensa i løpet av dei fem vekedagane før arrangementet og fire landingar (4) i løpet av dei fem vekedagane etter arrangementet. Føremålet for transporten er å frakte vatn og naudsynt utstyr for gjennomføring av løpet. Løyvet gjeld ikkje helgedagar. Maksimalt ei (1) av landingane før arrangementet og ei (1) etter kan vere frakt av personell.

6. Det skal skrivast ein årleg rapport som sendast til nasjonalparkforvaltninga v/sekretariatet innan 15. september. Rapporten skal skildre gjennomføringa av arrangementet, og i tillegg tal deltakarar, frivillige, tidspunkt for helikopterferdsle, korleis arrangøren ser til at alle følgjer stien, samt annan relevant informasjon. Når rapporten er godkjent og eventuell ytterlegare informasjon er innhenta om terrenget og stien, kan neste års påmelding bli opna.
7. Stien skal vere i like god stand som før løpet, og eventuelt lause trappetrinn og steinar skal reparerast innan to veker etter arrangementet. Nasjonalparkstyret kan endre og/eller gje pålegg om andre vilkår dersom det er nødvendig av omsyn til sti, natur og miljø, jf. naturmangfaldlovas §§ 9-11.

I og med at Bergen og Hordaland Turlag eig Skålatårnet går vi ut i frå at arrangøren og turlaget har dialog om bruken av bygningsmassen og samkøying av transport i samband med arrangementet. Det same gjeld grunneigarane som har eigedom der løpet passerer. Vi sender difor kopi av løyvet til Bergen og Hordaland turlag og til grunneigarane.